



Biletet viser området rundt 1950. Her ser ein både ungdomshuset og gamle Vestbø skule. Nokre år seinare vart «gamleskulen» og Sandeid Samfunnshus bygd.



### Sandeid Ungdomshus

Ungdomslaget vart stifta i 1908. Det gamle skulehuset vart flytta over vegen og gjorde teneste som ungdomshus til ca. 1958.

Sandeid Ungdomslag har i alle år vore ein viktig kulturformidlar, og i dag særleg innan amatørteater og revy.



### Sandeid kyrkje

Sandeid kyrkje vart innvigd av biskop Thorkildsen 18.08.1904. Ho var «meget smukk», vel innretta og solid, enkel og tiltalende.

Ny altartavle, vinkanne og brødeske vart gitt av «Sandeidmannen», konsul Stensland i Amerika. Dei «hellige kar» vart borne opp frå den gamle kyrkjestaden av prestane som deltok i messa. Biskopen talte over bibelverset «Hvo, som tørster, komme til mig, og jeg skal gi ham drikke».

Byggstaden hadde det vore strid om, men vigslingsdagen såg alle at kyrkja hadde fått «en dominerende beliggenhet og kan sees langt ute fra fjorden». Arkitekt var S. Eckhoff og byggmester var T. Tengesdal.

Ei natt i 2017 slo lynet ned i tårnet. Rask reaksjon fra det lokale brannvesenet hindra at kyrkja brann ned. Kyrkja vart oppussa til 100-årsjubileet, og gir i dag ei fin ramme rundt både glede og sorg.



### Sandeid Samfunnshus

Vart innvia 09.09.1959 som det første av sitt slag i Rogaland. Arkitekt for huset var Sekse & Mannsåker, Odda. Byggmester var Peder Kaldheim, Sandeid.

Huset har i alle år vore ein samlingstad for unge og eldre. Velkjend er «dansen i Sandeid» som samla fleire hundre på laurdagskveldane. Her har Riksteateret spela og kjende artistar opptreidd.



Samfunnshuset har fleire gonger vorte utvida, og framstår i dag godt utrusta og brukande for dei fleste arrangement.

I underetasjen har skyttarlaget ein moderne miniatyrskytebane.



### Stemneplassen

Plassen på Balahaugen vart gitt av brødrene Skeie i 1946. Her vart 17. mai feira i mange år. Her står ei minnestøtte etter lærar og kyrkjesongar Jens Børretzen.

Bilete av musikkorpset frå 17. mai 1952 på Balahaugen.

### Grusbanen

Sandeid Idrettslag vart stifta i 1945, og var aktiv i periodar fram til Vindafjord Idrettslag vart stifta i 1966. Dei nyttar banen til trening og kampar. Seinare vart det på dugnad laga kunstgrasbane. Det er ein populær plass for borna i bygda.

### Kafèen

Kafèen byrja som Skeie Kafeteria. Dette var ein populær plass for ungdommen. Her var jukebox, bowlingbane, sal av pølser, softis og banansplit.



### Sandeid handelsskule

Rogaland Mållag gjekk saman med Sandeid herad og fekk starta ein nynorsk handelsskule i Sandeid. Eige bygg vart reist på Skeie. Elevane kom frå Ryfylke, Sunnhordland og Haugalandet, og det var hyblar «i kjellar og på loft».

Magne sandeidsbuar fekk si utdanning her. Skulen hadde filialklasse i Sauda i fleire år, og ein fekk oppretta idrettsline med tilbod over to år. Denne var særst populær, og ikkje minst populære var dei «tøffe» gutane frå Bergeskanten.



I 1981 vart skulen ein del av Ølen vidaregåande skule og flytta dit i 1988. Bygget vart så eit aktivitetshus for funksjonshemma. I dag er ny bygning reist, «Gnisten».

Dette biletet er frå det første skuleåret 1957/58.



### Vestbø Skule

Den første skulen vart bygd i 1865, og ny skule stod ferdig i 1910.

Skulen vart under krigen okkupert av tyskarane og undervisninga var på bedehuset og i private heimar.

Hausten 1957 vart nye Vestbø skule, nå kalla «Gamleskulen», tatt i bruk. Seinare kom det elevar frå Eid og Ilsvåg. Her var skulen fram til 1975, då dagens skule vart tatt i bruk. I dag vert huset nytta av lag og foreiningar.



Skan koden med mobil og går mer i dybde på lokalhistorie.



VINDAFJORD KOMMUNE